

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn



Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Askvoll kommune

Utval: Kontrollutval – Askvoll kommune
Møtedato: 19.5.2014
Møtetid: 09.30 – maks 13.00 (pga møterom)
Stad: Møterom 1. etasje
Møtenr.: 3/2014
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.
Rådmann og evt økonomisjef i sak 17
Revisor i sak 17

Melding til: Ordfører(møterett), rådmannen og KRYSS- revisjon(møterett) og varamedlemr (varamedlem vert innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 975 81 418 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

15/14 Godkjenning av innkalling og sakliste
16/14 Skriv og meldingar
17/14 Årsrekneskapen 2013 – Askvoll kommune
18/14 Oppfølgingsliste 3 – Askvoll kommune
19/14 Eventuelt

9.5.2014.

Jorunn Ringstad (s)
Leiar



Arnar Helgheim
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 57612786 ah 97581418 ah	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

15/14

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Askvoll	19.5.14	15/14	Ja

Vedlegg:

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Útval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Askvoll	19.5.14	16/14	Ja

Vedlegg:

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Askvoll	19.5.14	17/14	Nei
Formannskapet			
Kommunestyret			

Vedlegg:

Årsmelding og årsrekneskap (utan revisjonsmelding)

Førebels utkast til uttale frå kontrollutvalet

Andre dokument (ikkje lagt ved):**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:****Kontrollutvalet si handsaming:****KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:****Saksutgreiing:**

Kryss revisjon har varsla at revisjonsmeldinga ligg føre midt i neste veke. Etter avklaring med leiaren for kontrollutvalet, vert denne ettersendt saman med tilråding frå SEKOM til uttale og vedtak. Vi sender likevel ut årsmelding og rekneskap, slik det ligg føre pr i dag utan endeleg revisjonsmelding.

Revisjonsmelding og dermed tilråding ligg tidlegast føre til onsdag den 14. mai. SEKOM kjem til å sende dette ut til medlemane på e-post.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

UTKAST

Til
Kommunestyret i Askvoll

19.5.14

UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2013 FOR ASKVOLL KOMMUNE

Årsrekneskapen 2013 for Asvoll kommune er handsama i kontrollutvalet i 19.5.2014.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga datert dd.mm.yy

Etter interne finanstransaksjonar er driftsrekneskapen gjort opp med eit meirforbruk på kr. 1,390 millionar.

Investeringsrekneskapen er avslutta utan udekka eller udisponert beløp. Det er brukt lån til finansiering i investeringsrekneskapen med kr 12,813 millionar.

Ved meir- eller mindreforbruk i drift og investering, er det kommunestyret som vedtek inndekking eller disponering.

(Omtale eventuelt andre spesielle moment spesielt ut frå revisjonsmelding)


Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Asvoll kommune vert godkjent slik han ligg føre.

Underskrifter

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefonnummer		Org.nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 Førde	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57 61 27 84 975 81 418	Audhild Ragni Vie Alme 57 61 27 85 971 70 064	987 631 554	3705.08.32571




ÅRSREKNESKAP 2013



Askvoll
KOMMUNE

ÅRSMELDING 2013



Innhold:

1. INNLEIING	3
2. DRIFTSREKNESKAPEN	3
2.2 Resultatutvikling dei siste åra	5
2.2.2 Tertialrapportering	6
2.2.3 Budsjett 2014	6
2.2.4 Resultat 2013 på ansvar	6
2.3 Grafisk oversikt over driftsinntekter og driftsutgifter	7
2.4 Frie inntekter	8
2.5 Momskompensasjon	9
2.6 Pensjon	9
2.7 Tilskot ressurskrevjande brukarar	10
2.8 Anordningsprinsippet	10
2.9 Sjølvkost	10
2.10 Langsiktig gjeld	11
2.11 Forklaring til avvik på hovudoversikter – drift	11
3. INVESTERINGSREKNESKAPEN	11
3.1 Investeringar	11
3.2 Forklaring til avvik på hovudoversikter – investering	11
4. BALANSEN	12
4.1 Kort om begrepa	12
4.1.1 Balanse	12
4.1.2 Omløpsmidlar	12
4.1.3 Kortsiktig gjeld	12
4.1.4 Langsiktig gjeld	12
4.1.5 Eigenkapital	12
4.1.6 Arbeidskapital	12
4.2 Likviditet	13
5. AVVIK MELLOM REKNESKAP OG BUDSJETT	13
5.1 Rådmann – ansvar 100	13
5.2 Oppvekst – ansvar 200-290	16
5.3 Askvoll legesenter – ansvar 300	19
5.4 NAV – ansvar 355	20
5.5 HAFS Interkommunale barnevern – ansvar 360	21
5.6 Helse og omsorg – ansvar 370-410	21
5.7 Felles landbrukskontor Askvoll og Fjaler – ansvar 510	25
5.8 Teknisk avdeling – ansvar 640	26
5.9 Bygg og eigedomsavdelinga-ansvar 660	27
5.9 Finansielle føremål – ansvar 900	28
6. SJUKEFRAVÆR	29
7. LIKESTILLING	29

Vedlegg:

1. Revisjonsberetning Askvoll kommune 2013	30
2. Fullstendighetserklæring vedk. Askvoll Kommune sin årsrekneskap for 2013	32
3. Diverse notar	34
4. Økonomisk oversikt drift	46
5. Økonomisk oversikt investering	47
6. Balanserekneskap	48
7. Rekneskapsskjema 1A, 2A, 1B og 2B	49

1. INNLEIING

Årsmeldinga er ei utgreiing frå rådmann som presenterer og analyserer kommunen si utvikling, spesielt dei faktorar som påverkar resultat og finansiell stilling. Framstillinga skal hjelpe brukarane til å kunne vurdere kommunen si historiske og framtidige utvikling.

Askvoll kommune si årsmelding for 2013 tek i hovudsak føre seg den økonomiske sida av drifta. Hovudbodskapen i meldinga er korleis tildelte midlar har vorte nytta, og ei forklaring der det er større avvik, samt økonomisk status pr. 31.12.1.

Årsmeldinga vil seinare bli følgt opp med ein årsrapport som seier noko om trendar og utvikling av tenestetilbodet i kommunen. Årsrapporten vert lagt fram for kommunestyret i juni 2012.

Årsmeldinga er bygd opp etter kommunal rekneskapsstandard nr. 6 om noter og årsmelding. Informasjon ut over krava i standarden er å finne i årsrapporten. Dette for å skilje kva som er pliktig informasjon etter lov og forskrift, og kva som er "anna" informasjon.

2. DRIFTSREKNESKAPEN

For fullstendig talmateriale sjå rekneskapsskjema 1A og 1B, samt Økonomisk oversikt drift og noter.

2.1 Resultatoversikt 2013

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2013	Rev. budsjett 2013	Regnskap 2012
DRIFTSINNTEKTER			
Brukarbetaling	-8 906	-8 868	-8 639
Andre salgs- og leieinntekter	-20 756	-20 103	-19 488
Overføringer med krav til motytelsar	-29 630	-22 983	-25 344
Rammetilskot frå staten	-114 735	-115 655	-109 352
Andre statlege overf.	-3 363	-3 370	-4 321
Andre overføringer	-2 782	-1 150	-2 640
Skatt på inntekt og formue	-57 611	-56 350	-55 460
Eigedomsskatt	0	0	0
Andre direkte og indirekte skattar	-193	0	-193
Sum driftsinntekter	-237 975	-228 479	-225 437
DRIFTSUTGIFTER			
Lønsutgifter	132 236	128 755	128 967
Sosialekostnader	30 466	31 473	28 024
Kjøp som inngår i kommunal prod.	28 110	26 182	32 369
Kjøp som erstattar eigen prod.	18 270	16 240	18 768
Overføringer	17 440	12 458	15 710
Avskrivningar	8 952	8 400	8 831
Fordelte utgifter	-426	-553	-2 975
Sum driftsutgifter	235 047	222 955	229 694
Brutto driftsresultat	-2 928	-5 524	4 256
EKSTERNE FINANSINNTEKTER			
Renteinntekter og utbytte	-1 711	-1 800	-1 647
Gevinst Finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Mottatte avdrag på lån	-65	-30	-76
Sum eksterne finansinntekter	-1 775	-1 830	-1 723
EKSTERNE FINANSUTGIFTER			
EKSTERNE FINANSUTGIFTER			
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	5 324	5 000	6 108
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Avdragsutgifter	7 075	7 250	6 919
Utlån	169	100	78
Sum eksterne finansutgifter	12 568	12 350	13 105
Resultat eksterne finanstransaksjoner	10 792	10 520	11 382
Motpost avskrivningar	-8 952	-8 400	-8 831
Netto driftsresultat	-1 087	-3 404	6 808
BRUK AV AVSETNINGER			
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	-3 132
Bruk av bundne fond	-1 185	-1 220	-1 238
Sum bruk av avsetninger	-1 185	-1 220	-4 371
AVSETNINGER			
Overføring til investeringsrekneskap	1 737	2 724	740
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	1 000	0
Avsetning disposisjonsfond	0	0	0
Avsetning til bundne driftsfond	1 925	900	1 781
Sum avsetninger	3 662	4 624	2 521
Regnskapsmessig meirforbruk	1 390	0	4 958

2.2 Resultatutvikling dei siste åra

Tekst	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
Brutto driftsinntekt	-237 975	-225 437	-213 542	-209 306
Utgifter inkl. avskrivningar	235 047	229 694	215 635	203 011
Brutto driftsresultat	-2 928	4 256	2 093	-6 295
Brt. Res. i % av brt. Driftsinntekt	1,23	-1,88	-0,98 %	3,01 %
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-1 711	-1 647	-2 160	-2 237
Mottekne avdrag på lån	-65	-76	-34	-69
Sum finansinntekter	-1 775	-1 723	-2 195	-2 306
Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	5 324	6 108	5 797	5 215
Avdragsutgifter	7 075	6 919	6 558	6 124
Utlån	169	78	131	67
Sum finansutgifter	12 568	13 105	12 485	11 406
Brutto driftsresultat	-2 928	4 256	2 093	-6 295
Finansinntekter	-1 775	-1 723	-2 195	-2 306
Finansutgifter	12 568	13 105	12 485	11 406
Motpost avskrivningar	-8 952	-8 831	-8 334	-7 980
Netto driftsresultat	-1 087	6 808	4 050	-5 175
Nto. Resultat i % av brt. Driftsinntekt	0,46	-3,01	-1,90 %	2,47 %
Netto driftsresultat	-1 087	6 808	4 050	-5 175
Bruk av avsetninger	-1 185	-4 374	-13 181	-4 248
Avsetninger	3 662	2 521	9 131	4 818
Rekneskapsmessig resultat	1 390	4 958	0	-4 605

Askvoll kommune har eit positivt nettodriftsresultat på 1,087 mill kroner, når ein legg til bruk og avsetning til bunde fond kjem ein til eit meirforbruk på 1,39 mill kroner.

Oppsummering av meir/underforbruk av pr. ansvar finn ein under punkt 2.2.4
I tillegg finn ein i kapittel 5 etatane si forklaring til meir/mindreforbruk.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har gjort berekningar som syner at netto driftsresultat for kommunane bør liggje på om lag tre prosent av inntektene for at formuesbevaringsprinsippet skal vere oppfylt. Det vil seie at kommunen skal vere i stand til å setje av midlar til framtidig bruk og til eigenfinansiering av kommunale investeringar. Askvoll kommune oppfyller ikkje dette da vi har eit netto driftsresultat på 0,46%

2.2.2 Tertialrapportering

Askvoll kommune har hatt to tertialrapporteringar i 2013.

Etter vedtak i 1. tertialrapport vart budsjettet til Helse og omsorg styrka med kr. 700 000,- og Oppvekst med kr. 300 000,-

I 2. tertial vart det rapportert inn eit behov for midlar på 4,8 som vart redusert til 3,8 mill da Statsbudsjetter for 2014 vart lagt fram. Det vart føretatt budsjettendringar som følgje av innmeldte meir/mindreforbruk pr ansvar. Det vart og lagt inn i budsjettet at Askvoll kommune skulle dekke inn 1 mill av underskotet for rekneskapsåret 2012 . Askvoll kommune skulle no gå i balanse ved utgangen av året.

Det vart i tillegg innført innkjøpsstopp og vakanse i stillingar 18.08.2013

2.2.3 Budsjett 2014

Budsjett 2014 var vedteke i balanse , og der frie inntekter er vedteke fordelt i drifta.

Det vart og vedtatt å betale ned kr. 3,8 mill av underskotet frå 2012.

KS har tidlegare anbefalt at kommunen nyttar overskot tilsvarende 3 % til vedlikehald av bygningar, vegar og anna infrastruktur. Dette er ei utfordring for Askvoll kommune å få til med knappe ressursar. Dette er situasjonen også på landsbasis.

2.2.4 Resultat 2013 på ansvar

Oppsummering av resultat 2013


Mindre-/meirforbruk på etatane (pluss = overforbruk) :

- ansvar 100	Rådmann	+	13 197,-
- ansvar 200-290	Oppvekst	-	775 847,-
- ansvar 300	Helseetaten	+	209
- ansvar 355	NAV	-	133 067,-
- ansvar 360	HAFS barnevern	-	255 926,-
- ansvar 370+410	Helse og omsorg	+	3 095 745,-
- ansvar 510	Landbruk	-	252 168,-
- ansvar 640	Teknisk drift	+	418 626,-
- ansvar 660	Bygge og eiged.avd.	-	387 339,-
- ansvar 900	Finansielt	-	333 723,-
Totalt meirforbruk			<u>- 1 389 707,-</u>

Kvart av ansvara blir forklart i årsmeldinga, under kapittel 5.


2.3 Grafisk oversikt over driftsinntekter og driftsutgifter

Driftsinntekter:



Oversikta over viser Askvoll kommune sine driftsinntekter. Rammetilskot og skatteinntekter utgjør 72 % av driftsinntektene. Auke i driftsinntekter frå 2012 til 2013 utgjør om lag 12,5 mill. kroner.

Driftsutgifter:



Oversikta over viser Askvoll kommune sine driftsutgifter.

Løn og sosiale utgifter utgjør ca 69% av dei totale driftsutgiftene til kommunen i 2013.


Driftsutgiftene auka med 5,4,- mill. kr. frå 2012 til 2013, det er ein auke på ca 2,3%

Lønsutgifter står for den største auken.

2.4 Frie inntekter

Frie inntekter består i hovudsak av rammetilskot, inntektsutjamning, skatteinntekter (frå private og føretak) og andre ikkje øyremerkta statlege tilskot. Frie inntekter er hovudfinansieringskjelda for driftsrammene, og utgjør om lag 80 pst. av kommunesektoren sine samla inntekter. Dette er inntekter som kommunane kan rå fritt over, utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk.

Rammetilskot og skatt:



Tabellen over viser endringer i rammetilskot og skatt frå 2009 til 2013.

2.5 Momskompensasjon

Frå og med 2004 har kommunane fått kompensert om lag all moms som vert betalt ved kjøp av varer og teneste frå andre. Mva kompensasjonen blir refundert frå skatteetaten anna kvar mnd.

Frå 2004 til 2009 vart all mva kompensasjon frå investering inntektsført i driftsrekneskapen. Frå 2010 skal kompensasjonen frå investeringsprosjekt først tilbake til investeringsrekneskapen. For å få ein mjukare overgang, legg staten opp til at dette kan skje i ein femårsperiode frå 2010, med opptapping med 1/5 pr. år. Dermed skal momskompensasjonen frå investeringar som er ført i driftsrekneskapen minimum reduserast med 1/5 i fem år frå og med 2010. Frå 2014 skal all momskompensasjon frå investeringar inntektsførast i investeringsrekneskapen.

2.6 Pensjon

Det er eit krav at alle tilsette i kommunar skal vere dekkja av ei tenestepensjonsordning i tillegg til folketrygda. Finansieringa av pensjonsordninga skjer dels ved innskott frå arbeidsgjevar og dels frå arbeidstakar.

Arbeidstakar sin del er 2% av brutto løn, medan arbeidsgjevar sin del i 2013 har vore 14,5% av brutto løn til KLP for fellesordninga og sjukepleiarordninga. Statens Pensjonskasse (SPK – lærarar) har vore utgiftsført med 11,31 %

Pensjonskostnadane vert berekna på grunnlag av forskrift fastsett av Kommunaldepartementet (endra med verknad frå 2005). Den enkelte kommune sin årlege innbetalte premie vert kopla til pensjonskostnadane ved utrekning av det årlege premieavviket. Dette kjem fram ved å trekke pensjonskostnaden og pensjonsleverandøren sine administrasjonskostnader frå premieinnbetalinga. Eit positivt premieavvik skal inntektsførast, medan eit negativt premieavvik skal utgiftsførast. For å jevne ut svingingane i pensjonskostnadane over tid, har Askvoll kommune til og med 2010 fordelt premieavviket over 15 år. Endringar i regelverket seier at amortiseringstida (tilbakebetalingstida) frå og med 2011 skal vere 10 år. For Askvoll kommune var det eit positivt premieavvik (inntektsføring) inkl. arbeidsgjevaravgift på 1,6 mill. kroner for KLP, og negativt premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift på 0,4 mill. kroner for SPK i 2013.

Fordeling av tidlegare års premieavvik over 10 år (amortisering) har medført ei utgiftsføring på 1,3 mill. kroner totalt for både KLP og SPK i 2013.

Premieavviket i 2013 er ført på teneste 17000 og fordeling av tidlegare års premieavvik er ført på teneste 17100, alt under ansvar 100 – rådmann. Totalt er det utgiftsført 0,1 mill. kroner på desse to tenestene i 2013, budsjettert 0,6 mill. kroner.

Askvoll kommune har i 2013 betalt kr 508 903,- i eigenkapitalinnskott til KLP. Dette er utgiftsført i investeringsrekneskapen.

Totalt eigenkapitalinnskott i KLP pr. 31.12.13 er om lag 5,4 mill. kroner.

2.7 Tilskot ressurskrevjande brukarar

I 2013 har Askvoll kommune hatt til saman 13,253 mill. kroner i dokumenterte utgifter som gjev grunnlag for refusjon. Det er rapportert inn 12,677 mill. kroner som nettoutgift og bokført 5,9 mill. kroner i tilskot ressurskrevjande brukara for 2013.

Samla sett er utgiftene til ressurskrevjande brukarar på over 15 mill. kr, men det er fleire brukarar som vi ikkje får refusjon for. Dette pga at dei ikkje kjem over innslagspunktet for refusjon.

Kommunen må sjølv bære kostnad opp til innslagspunkter som for 2013 var 1 010 000,- pr. brukar, i tillegg til 20% eigendel. Staten si dekningsgrad er 80% for utgifter over innslagspunktet.

2.8 Anordningsprinsippet

Anordningsprinsippet seier at "alle kjente utgifter/utbetalningar og inntekter/innbetalningar i året skal tas med årsregnskapet for vedkommende år, enten de er betalt eller ikkje når årsregnskapet avsluttes".

I desember 2013 vart det gjennomført ekstra lønskøyeringar for å få med t.d. reiserekningar og andre lønsutgifter som høyrer til 2013.

2.9 Sjølvkost

Det er gjennomført berekning av sjølvkost for vatn og avlaup (sjå note 11).

2.10 Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld består av langsiktige lån og pensjonsforpliktingar (om pensjon sjå note 2). Lånegjelda til Askvoll kommune består av eksterne lån til finansiering av investeringar (innlån) og lån til vidare utlån (utlån).

Total lånegjeld pr. 31.12.13 utgjer 204 mill. kroner,-. Av dette utgjer lån til vidare utlån 14 mill. kroner. (sjå note 10)

2.11 Forklaring til avvik på hovudoversikter – drift

Det vert i lita grad budsjettert med sjuke- og fødselsrefusjonar og vikarutgifter i driftsbudsjettet. Dette forklarar mykje av avviket mellom budsjett og rekneskap for 2013 på konto for overføringar med krav til motytelse og løn-/ sosiale utgifter. Det er og bokført 0,8 mill kr meir i momskompensasjon enn budsjettert, desse er inntektsført under overføring med krav til motytelse og utgiftsført tilsvarande under overføringar. Sjå ellers kvart ansvar sine kommentara under kapittel 5.

3. INVESTERINGSREKNESKAPEN

For fullstendig talmateriale sjå rekneskapsskjema 2A og 2B, samt Økonomisk oversikt investering og noter til årsrekneskapen.

3.1 Investeringar

Oversikt over pågåande investeringsprosjekt i 2013 er å finne i note 9 til årsrekneskapen.

Manglande finansiering på diverse prosjekt i 2013 har blitt finansiert med ubrukte lånemidlar frå tidlegare år. Investeringsrekneskapen er såleis gjort opp utan udekka beløp jmf veileder frå Kommunal og Regionaldepartementet (KRD) av oktober 2011 vedkommande «budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsreknskapet»

3.2 Forklaring til avvik på hovudoversikter – investering

Prosjekta i investering går over fleire år, sjølv om det er vedteke i budsjettet for eit bestemt år. Dette gjer til at det blir avvik mellom inntekter/utgifter i budsjett og rekneskap.

For å få korrekt bilde over kvart prosjekt i forhold til budsjett, må ein sjå på prosjektrekneskap som blir satt opp når kvart enkelt prosjekt er ferdig. I tillegg har det ikkje vore praksis for å budsjettere på fleire utgiftskontoar innanfor same prosjekt. Dette genererer avvik innanfor dei ulike typane utgift i oversiktene då det på nokre kontoar er budsjettert meir enn forbruk medan det på andre ikkje er budsjettert. I tillegg er det ikkje budsjettert med avdragsutgifter og mottekne avdrag på formidlings/startlån da dette er transaksjonar som vert nullt ut ved årsavslutning.

4. BALANSEN

Balansen er framvist både i ei hovudoversikt og med fleire detaljar i sjølvre årssrekneskapen, i tillegg til obligatoriske notar.

4.1 Kort om begrepa

4.1.1 Balanse

I oversikta vedkomande nøkkeltal frå balansen vil ein finne dei viktigaste samanhengane når rekneskapen skal analyserast. Den inneheld opplysningar over bokførte eigedelar, gjeld og eigenkapital pr. 31.12.

4.1.2 Omløpsmidlar

Omløpsmidlane er det som til ei kvar tid er inneståande på bankkonto. Kortsiktige krav er ulike krav kommunen har som skal innbetalast på kort sikt, t.d. restansar på kommunale avgifter, ulike refusjonar frå stat, fylke og frå private som enno ikkje er betalte.

4.1.3 Kortsiktig gjeld

Den kortsikte gjelda i kommunen er postar som skal betalast på kort sikt, t.d. skattetrekk, feriepengar og diverse kreditorgjeld bokført pr. 31.12.

4.1.4 Langsiktig gjeld

Dette er alle langsiktige lån som kommunen har teke opp til finansiering av kommunale investeringar, dvs. kommunen si lånegjeld.


4.1.5 Eigenkapital

I eigenkapitalen ligg det som er avsett til fond og udisponert/udekka overskot/underskot frå tidlegare år. Resten er endring i rekneskapsprinsipp og kapitalkontoen, som er å sjå på som ein motkonto vedkomande unytta lån, aktivering av eigekomar med meir.

4.1.6 Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er det som er tilgjengeleg i omløpsmidlane fråtrekt den kortsikte gjelda. Ein kjem då fram til kva som er likvide driftsmidlar inkl. unytta lån og fond.

4.2 Utvikling i arbeidskapital



4.2 Likviditet

	2009	2010	2011	2012	2013
Likviditetsgrad 1	1,50	1,45	1,27	0,87	0,96
Likviditetsgrad 2	1,00	0,82	0,54	0,25	0,36

Likviditetsgrad 1= omløpsmidlar/kortsiktig gjeld>2

Denne bør vere større enn 2, fordi nokre av omløpsmidlane kan vere lite likvide, dvs vanskeleg å gjere fort om til kontantar.

Likviditetsgrad 2= mest likvide omløpsmidlar/kortsiktig gjeld>1

Mest likvide omløpsmidlar er kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar som raskt kan gjerast om til kontanter. Denne bør vere større enn 1

Tabellen syner at likviditeten til Askvoll kommune ikkje er tilfredsstillande, men den har det siste året gått i rett retning.

5. AVVIK MELLOM REKNESKAP OG BUDSJETT

5.1 Rådmann – ansvar 100

	Rekneskap 2013	Rev. Budsjett 2013	Rekneskap 2012
Inntekter	-9 296 936	-7 295 979	-10 484 944
Utgifter	24 195 077	22 180 923	20 957 654
Sum rådmann	14 898 141	14 884 944	10 472 710

Rekneskapen for sentraladministrasjonen syner eit samla underskot på kr.13.197,-

Område		Rekneskap 2013 Nettoutgift/inntekt for kvart område	Revidert budsjett 2013
10000	Politisk styring	2 102 169,31	1 856 304,23
10070	Regionråd	57 500,00	47 800,00
10080	Stortings-/kommuneval	86 477,92	94 000,00
11050	Revisjon	526 718,00	500 550,00
11051	Kontrollutval	154 415,17	165 265,00
12010	Administrativ leing	2 912 710,80	2 999 779,31
12020	Økonomiforvaltning	2 423 736,20	2 364 375,10
12030	Interkommunal arbeidsgjevarkontroll	156 303,00	131 000,00
12040	Tillitsvalde	270 735,32	288 129,42
12050	Fellesfunksjonar og fellesutgifter	1 542 551,61	1 242 918,10
12053	Interkommunalt IKT-samarbeid	1 713 511,00	1 520 000,00
13000	Administrasjonslokale	293 985,41	229 270,34
17000	Årets premieavvik	-1 177 470,00	-942 600,00
17100	Amortisering premieavvik tidlegare ...	1 283 488,00	1 537 537,00
18000	Diverse fellesutgifter	343 265,82	350 000,00
18010	Overformynderiet	20 324,73	17 250,00
18070	Eldreråd	17 353,91	25 000,00
18080	Råd for mennesker med nedsatt funks...	3 860,00	25 000,00

23460	Frivilligheits-/nærmiljøsentral	75 545,53	76 891,32
30100	Plansaksbehandling	2 614,80	0
32000	Kommunal næringsverksemd	-1 510 224,50	-1 551 207,90
32500	Tilrettelegging og bistand for næri...	170 096,17	650 000,00
32510	Turistinformasjon	302 000,00	299.000,00
32520	Næringsutvikling - omstilling	434 491,96	14 396,58
32570	Næringsutvikling/-fond	22 575,00	0
33030	Kaier	-40 991,51	-5 398,13
36000	Naturforvaltning og friluftsliv	7 680,00	0
38000	Idrett og tilskot til andre sine id...	10.000,00	10.000,00
38010	Drift- og vedlikehald av idrettsanl...	0	20.000,00
38510	Kulturkontor	16.167,12	0
38530	Støtte til frivillege lag og organisasjonar	81.600,00	92.000,00
38550	Kulturvern og arkiv	46.706,00	45.000,00
38551	Bygdebøker m.m.	16.425,28	-70.000,00
38552	Sogenemda	-19.585,40	7 000,00
39000	Den norske kyrkja	3 319 836,72	3 321 253,42
39200	Andre religiøse føremål	80 927,00	50 000,00

Kommentarar til dei største avvika

Politisk styring

Tenesta syner eit overforbruk på kr. 245.865,08, som skriv seg frå krav på godtgjersle og for tapt arbeidsforteneste for politikarar.

Regionråd

Teneste syner eit overforbruk på kr. 9.700,-.

Overforbruket skuldast auka medlemsavgift. For 2012 vart medlemsavgifta auka frå kr. 10.000,- til kr. 20.000,- pr. år jf. vedtak i HAFS-sak 21/11. Dette skuldast m.a. prisauke og generelt noko høgare møteaktivitet i regionrådet. Prisauke vart ikkje budsjetttert for 2013.

Revisjon

Teneste syner eit overforbruk på kr. 26.168,- som skuldast at budsjettet ikkje vart justert etter at Kryssrevisjonen sende melding om budsjettet for 2013.

Administrativ leiling

Teneste har eit underforbruk på kr. 87.000,-. Dette skuldast hovudsakeleg innsparte lønsmidlar på om lag kr. 200.000,- ved at stillinga som assisterande rådmann vart halde vakant hausten 2013.

Utgifter kring rekruttering av ny rådmann skulle vore dekkja av disposisjonsfondet. På grunn av underskotssituasjon måtte kostnaden dekkast i driftsbudsjettet og reduserte innsparinga i teneste 12010 til knapt det halve.

Økonomiforvaltning

Overforbruk skuldast at det har vore budsjetttert med for høge inntekter på frikjøp intern bruk. Om lag 30.000 kroner overforbruk på pensjonsutgifter. Desse vert ikkje refundert av folketrygden.

Fellesfunksjonar og fellesutgifter Teneste syner eit netto overforbruk på kr. 299.633,51, men ein inntekstpost på kr. 300.000,- (12300) som er ein teknisk føring av eit tidlegare

innsparingskrav i budsjettet, står udekket i rekneskapen og er årsak til netto overforbruk. Denne posten vert fjerna i 2015.

Interkommunalt IKT-samarbeid (Sysikt)

Posten er knytt til ikt-samarbeidet i Sysikt og dekkar Askvoll kommune sin del av drifta av Sysikt og lisensar for Agresso og Acos Websak.

Overforbruk på kr. 193.511,- skuldast i hovudsak at det er ført utgifter for 13 månader til drift av Sysikt.

Administrasjonslokale

Overforbruk på kr. 64.715,07,- skriv seg frå vikarutgifter på reinhald og ny reinhaldsplan som ikkje kom i gang før etter budsjettstart.

Premieavvik

Etter råd frå KLP vert pensjonsutgiftene budsjetttert med netto pensjonsutgifter på den einkilde eining. Det vert difor ikkje budsjetttert med premieavvik på ansvar 100. Ved rekneskapsavslutning vert premieavviket fordelt på einingane etter den faktiske pensjonskostnaden. Overskytande premieavvik kr. 488.919,- (inkl. amortisering) vert ført som inntekt på ansvar 100.

Både budsjett og rekneskap for denne teneste vert justert ved årsavslutninga, og summane er difor ikkje råd å samanlikne med opphavleg budsjett.

Kommunal næringsverksemd

Teneste inneheld aksjeutbytte frå SFE. Resten inneheld inntekter på fallrettane frå Stakkhaldefossen.

Tilrettelegging og bistand for næring & Næringsutvikling – omstilling og Næringsutvikling/-fond

Dei to tenestene må sjåast i samanheng og inneheld utgifter til omstillingsorganisasjonen og sakshandsaming av næringsfondssaker.

Drift og vedlikehald av idrettsanlegg

Dei kr. 20.000,- som var budsjetttert er drifts- og vedlikehaldstilskot til lag og organisasjonar som har inngått ei 10-åreg driftsavtale med kommunen om drift- og vedlikehald av dei 20 Kystarvturstiar i Askvoll kommune (kr. 1000,- per tursti). Midlane vert først utbetalt i 2014 når alle turstiane er ferdig opparbeidd. I 2013 har desse lag og organisasjonar fått utbetalt 4.000 kroner per tursti (desse midlane sto på fond) til skilting/merking av dei turstiane.

Kulturkontor

Teneste syner overforbruk som skuldast at årleg tilskot på kr. 15.000,- til arrangementet «Dalsfjordveka» ikkje var budsjetttert. Denne teneste blei flytta over frå oppvekst til rådmann i slutten av 2012.

«Dalsfjordveka» er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Askvoll, Fjaler og Gaular om planlegging/gjennomføring og felles marknadsføring av kulturarrangement langs Dalsfjorden. Kvar av kommunane yter eit tilskot på kr. 15.000 årleg til arrangementet.

Sogenemnda/bygdebøker

Teneste 38551 Bygdebøker og 38552 Sogenemnda må sjåast under eitt. Sal av bygdebøker og sogehefte ikkje som forventa.

Andre religiøse føremål

Tenesta viser eit overforbruk som skuldast at fleire grupper med anna religion/livssyn enn det var budsjetttert for hadde rett til stønad frå kommunen.

5.2 Oppvekst – ansvar 200-290

	Rekneskap 2013	Rev. Budsjett 2013	Rekneskap 2012
Inntekter	-13 317 797	-9 525 747	-11 123 213
Utgifter	72 433 307	69 419 104	74 569 285
Sum oppvekst	59 115 510	59 893 357	63 446 072

Generelt

Kommunestyret vedtok i sak 12/130 ramme for oppvekstetaten sitt samla budsjett for 2013 på

61.272.000 kroner. Mellom anna som ein fylgje av underskotet i 2012 har ramma til etaten vorte endra ved fleire høve i løpet av året, seinast etter 2. tertial med ein reduksjon på 600.000 kroner som ein fylgje av at nedlegging av Stongfjorden skule. Frå 1. juli vart dessutan ansvar 290 Helsestasjon også budsjettmessig overført til helse- og omsorgsetaten. Ved utgangen av 2013 var difor den samla budsjettamma til oppvekstetaten redusert til 59.891.357 kroner.

Det rekneskapsmessige avviket for ansvar 200-290 er på totalt -775.847 kroner, noko som er ei forbetring på vel 2,2 millionar i høve 2012. Dette kjem mellom anna av eit kontinuerleg fokus på rekneskapsresultat gjennom heile året, fleire innsparingstiltak som vart gjennomført (både små og store) og ikkje minst ein fantastisk innsats frå kvar einskild i etaten, og ikkje minst frå leiarane på kvar eining.

Rekneskapsmessig er det variasjon mellom dei ulike anvarsområda innan etaten, og nedanfor har ein på kvart område gjort greie for kva som har ført til desse avvika. Vi ser likevel nokre fellestrekk som samla har ført til det positive sluttresultatet. Som tabellen ovanfor syner er både inntekter og utgifter høgare enn det som er budsjettert, men ein større inntektsauke gjer at vi samla kjem ut med eit positivt resultat. Særleg eitt område skil seg ut med høvesvis stort avvik mellom inntekter og utgifter, og det er inntekter frå sjukeløn sett opp mot utgifter til vikar. Her ser vi at medan utgiftene til vikar er om lag som budsjetter, er inntektene frå refusjon sjukeløn om lag 1,9 millionar høgare enn budsjettert. Sjølv om delar av denne differansen skriv seg frå for mykje budsjetterte vikarmidlar i samband med vidareutdanning av lærarar (vel 500.000 kroner), fortel dette også om leiarar som lojalt har følgd opp vedtaket om innkjøps- og tilsettingsstopp, og streng vurdering når ein har sett inn vikar. Men det fortel og om ein organisasjon med til dels høgt sjukefråvær, noko som er krevjande å stå i, både for tilsette og ikkje minst leiarane som har anvaret for kvar dag å syte for ei forsvarleg drift.

Avvik pr. anvarsområde

Ansv	Ansvar (T)	Rekneskap	Rev.budsj	Avvik i kr
200	Oppvekstsjef	5 585 966	5 287 648	298 317
210	Rektor Askvoll skule	17 196 503	16 976 301	220 202
211	Rektor Atløy skule	4 482 054	5 007 757	-525 703
212	Rektor Bulandet skule	6 721 002	7 220 261	-499 259
213	Rektor Gjelsvik skule	6 103 732	6 109 804	-6 073
	Rektor Stongfjorden skule og			
215	barnehage	2 552 337	2 483 178	69 159
250	Rektor Askvoll kulturskule	737 849	989 441	-251 592
271	Styrar Røverompa barnehage	5 112 358	5 199 927	-87 568
272	Styrar Nipa barnehage	2 473 203	2 418 233	54 970

273	Styrar Gjelsvik barnehage	2 575 484	2 528 117	47 366
274	Styrar Holmedal barnehage	2 190 373	2 160 695	29 678
276	Styrar Bulandet barnehage	1 641 504	1 645 340	-3 836
280	Biblioteksjef	903 234	1 091 602	-188 368
290	Helsestasjon	839 912	773 053	66 860
		59 115 511	59 891 357	775 847

200 Oppvekstsjef

Det er særleg to forhold som gjer at avviket på dette ansvaret er relativt stort. Det eine kjem av større utgifter enn budsjettert til kjøp av tenester frå andre (både kommunar og private institusjonar) knytt til spesialundervisning for born i skulealder. Det andre forholdet knytter seg til vaksenopplæring, der deler av tilskotet frå staten til norskopplæring for vaksne framandspråklege med rett til dette no er sett på fond. Dette tilskotet er delvis øyremerkt opplæring av einskildpersonar, og denne må fullførast innan 3 år. Kommunen får mest tilskot det første året, og må difor setje av deler av dette til norskopplæringa dei to påfølgjande åra.

210 Askvoll skule

Hovudgrunnen til skulen sitt avvik kjem på tenesta drift og vedlikehald av bygningane. Ny reinhaldsplan vart innført i 2012 der reinhald av biblioteket (19% stilling) vart flytta til skulen sitt ansvarsområde. Denne stillingsauken vart det ikkje teke høgde for i budsjettet for 2013, noko som gjer at ein har fått eit overforbruk på løn. Elles er utgiftene til leirskule noko høgare enn budsjettert fordi vi ikkje fekk utført statstilskotet på grunn av for seint innsendt refusjonskrav. Dette er oppvekstsjefen sitt ansvar, og vi har innskjerpa rutinane på dette. Elles er utgiftene til SFO høgare enn budsjettert grunna så stor tilstrøyming til tilbode at ein har måtte auke bemanninga i periodar.

211 Atløy skule

Rekneskapen for skulen syner eit relativt stor overskot. Dette kjem i hovudsak av at inntekta frå refusjon frå andre kommunar til spesialundervisnings-tiltak ved skulen ikkje var budsjetter samstundes som lønsutgiftene var medrekna. Dette åleine gjev ei meirinntekt på vel 460.000 kroner. Elles er det brukt langt mindre til vikar enn budsjettert, men dette må delvis også sjåast i samanheng med at også tilskotet til vikarutgifter i samband med vidareutdanninga i matematikk vart lågare.

212 Bulandet skule

Også for denne skulen syner rekneskapen eit relativt stort overskot. Årsaka til detter er meir samansett enn for ansvar 211 sin del. Skulen fekk tildelt lønsmidlar til 8,41 faste stillingar, men brukte hausten 2013 berre 8,33 stillingar. Det er difor ein del mindreforbruk på fastløn. Elles har skulen eit klart mindreforbruk på forbrukspostane pga innkjøpsstoppen, og har dessutan spart mykje på vikardugnadsarbeid, utført av mange, samstundes som ein har fått inn langt meir refusjon sjukeløn enn budsjettert.

213 Gjelsvik skule

Samla held skulen seg innanfor den gjevne ramma for 2013. Det er berre på teneste drift og vedlikehald av bygning at ein har eit overforbruk, og dette kjem av større lønsutgifter til reinhald enn det som er budsjettert. I samband med ny reinhaldsplan i 2012 vart samla stillingsstorleik redusert og budsjett vart sett opp i høve dette. Stillingane har likevel ikkje vorte redusert sidan arbeidsgjevar har prøvd å finne alternativt arbeid å tilby, utan førebels å ha lukkast med dette. Det vil skje ei avklaring i høve dette no i løpet av 1. halvår 2014.

215 Stongfjorden skule og barnehage.

I samband med nedlegging av Stongfjorden skule vart ramma til ansvar 215 redusert med 600.000 kroner, og tenestoområde grunnskule heldt seg greitt innanfor den resterande ramma. Barnehagedelen har eit overforbruk på om lag 95.000 kroner, og mykje av dette kjem av ekstra lønsutgifter i samband med overgang til ein rein barnhage frå hausten 2013 (m.a. oppretting av styrarstilling og tilsetjing av ein ny pedagog). Elles er det berre mindre avvik i høve budsjett.

250 Askvoll kulturskule

Kulturskulen hadde i 2013 eit relativt stort overskot. Dette kjem av at ein berre delvis har leigd inn vikar for rektor som var sjukmeld gjennom heile året. Per i dag har ein engasjert ein tilsett i denne funksjonen, og stillinga vert lyst ut i løpet av 1. halvår 2014, med tanke på fast tilsetjing frå nytt kulturskuleår.

271 Røverompa barnehage

Barnehagen kjem dette året ut med eit overskot, noko som først og fremst kjem av innsparing på drift og vedlikehald av bygningen. Likevel er det på drift av barnehagen kor vi har fått den største positive endringa frå året før. Med stor innsats frå alle har ein fått kontroll på driftsutgiftene og greier å drive i balanse. Det er store avvik både på fastløn, vikarutgifter og ekstrahjelp, men dette vert oppvege med auka inntekter frå mellom anna foreldrebetaling, refusjon sjukeløn og refusjon frå andre kommunar.

272 Nipa barnehage

Barnehagen sitt underskot på om lag 80.000 kroner kjem primært av noko meir budsjettert refusjon frå annan kommune enn det ein har fått inn. Elles er det ein del avvik på både fastløn og vikarutgifter, men dette vert i stor grad oppvege av auka inntekt på refusjon frå sjuke- og fødselspengar.

273 Gjelsvik barnehage

Barnehagen kjem ut med eit underskot på knapt 50.000 kroner. Dette skuldast i hovudsak forhold knytt til lærling-ordninga som skriv seg frå 2012, men som vert belasta barnehagen i 2013. Ser ein bort frå dette tilhøvet ville barnehagen samla hatt eit overskot på om lag 100.000 kroner. Dette er ei positiv utvikling i høve 2012 kor barnehagen hadde eit større underskot.

274 Holmedal barnehage

Barnehagen har eit mindre underskot på knapt 30.000 kroner. Dette er om lag same sum som ein har fått mindre inn i foreldrebetaling enn det som er budsjettert. Barnehagestyrar forklarar dette negative avviket med at ein særleg frå hausten 2013 har hatt mange barn under 3 år som kvar tek opp plass for 2 men berre betaler for 1. Elles er det ein del avvik på løn til vikar men dette vert i stor grad oppvege med auka refusjon frå sjukeløn.

276 Bulandet barnehage

Barnehagen held seg greitt innanfor gjeva budsjettramme sjølv om det er store avvik på ein del einskildpostar. Det er eit forholdsvis stort avvik på løn til vikar, men dette vert i hovudsak oppvege av auka refusjon frå sjukeløn og auka inntekt frå foreldrebetaling, slik at ein likevel går i balanse.

280 Biblioteksjef

Biblioteket kjem ut med eit relativt stort overskot, noko som i hovudsak skriv seg frå at biblioteksjef har redusert stillinga si i 2013 i høve det som var budsjettert, og at denne ressursen har stått vakant gjennom året. I tillegg har fått inn meir sjukelønsrefusjon enn auka utgifter til vikar. Ein har også her vore lojal i høve innkjøpstoppen og vore

tilbakehalden med bruken av driftsmidlane i budsjettet.

290 Helsestasjon

Dette området vart budsjettmessig overført til helse- og omsorgsetaten frå 1.7.2013, men var alt frå starten av året fagleg og styringsmessig flytta over til kommunalsjef for omsorg.

Kristen Holt
kommunalsjef oppvekst

5.3 Askvoll legesenter – ansvar 300

	Rekneskap 2013	Rev. Budsjett 2013	Rekneskap 2012
Inntekter	-883 336	-814 249	-1 613 368
Utgifter	3 042 882	2 973 586	6 190 118
Sum helse	2 159 546	2 159 337	4 576 750

Fordeling i rekneskapen (budsjett for 2013 i parantes)

Miljøretta helsevern	kr 175 107,-	(174 575,-)
Askvoll legesenter	kr 1 253 295,-	(1 325 244,-)
Helsehuset	kr 202 440,-	(204 008,-)
Medisinsk naudmeldeteneste	kr 528 703,-	(455 510,-)

Rekneskapen for første halvår 2013 viser at Askvoll legesenter har eit overforbruk på kr. 208,-

Kommentar til rekneskapen:

Det er godt samsvar mellom rekneskap og budsjett for deltenestene miljøretta helsevern, legekantoret og helsehuset.

Det var noko overforbruk for Medisinsk naudmeldeteneste grunna auka kostnad til legevaktsamarbeidet med kr. 4 992,- pr mnd meir enn budsjettert. Det vart også noko ekstra kostnad i samband med bemanning av legevaktsentralen på jul- og nyttårsafta 2012. Legevaktsentralen var i utgangspunktet stengt frå 08.00 – 12.00, men måtte halde oppe då dei fleste kommunane hadde stengde legekantar då..

Olaug Søreide
Leiar Askvoll legesenter

5.4 NAV – ansvar 355

	Rekneskap 2013	Rev. Budsjett 2013	Rekneskap 2012
Inntekter	-904 452	-159 378	-932 384
Utgifter	5 080 447	4 468 440	4 360 783
Sum NAV	4 175 995	4 309 062	3 428 399

Årsrekneskapen viser at NAV hadde eit mindreforbruk i høve revidert budsjett på kr. 133. 067,-. I samband med revidert budsjett fekk NAV tilført kr 500 000,- . I tillegg hadde vi då halde ei stilling vakant i 3 månader samt at vi ikkje hadde hatt forbruk på posten for kvalifiseringsstønad. Alle desse midlane vart overført til teneste 28100 til dekking av økonomisk sosialhjelp.

12010 Administrativ leing

NAV- leiaren er statleg tilsett og kommunen betalar sin del av utgiftene til staten. I 2013 var desse utgiftene kr 17 387 lægre enn budsjettet.

24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på kr 46 378,-. Mindreforbruket er i hovudsak knytta til lønsutgifter og opplæringstiltak.

24250 Sosialkontor (kontordrift)

Mindreforbruket på kr 49 239,- kan forklarast med at kontoret hadde lågare utgifter til lisensar, kontormateriell, post og banketenester.

24300 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid (rus)

På denne tenesta hadde kontoret eit stort mindreforbruk, kr. 24 753,-. Dette fordeler seg på fleire postar, m.a. løn, forbruksmateriell, kurs og opplæring.

27600 Kvalifiseringsordninga

Tenesta vart justert til 0 i samband med revidert budsjett og alle midlane overført til teneste 28100.

28100 Økonomisk sosialhjelp

Rekneskapen viser eit samla forbruk på på denne tenesta med kr 2 262 008,- . Det er eit overforbruk på kr 8 652,- i høve revidert budsjett. Forbruket i 2012 var til samanlikning kr 1 380 506,-. Det betyr ein auke på kr 881 502,- .

Askvoll 13.03.2014

Åse Rivedal Solheim

Leiar NAV

5.5 HAFS Interkommunale barnevern – ansvar 360

	Rekneskap 2013	Rev. Budsjett 2013	Rekneskap 2012
Inntekter	-325 936	-345 800	-423 374
Utgifter	3 262 519	3 538 308	3 382 406
Sum Hafs barnevernteneste	2 936 583	3 192 508	2 959 032

Barneverntenesta sine inntekter er hovudsakleg refusjon frå Bufetat på fosterheimsutgifter i forsterka fosterheimar, i tillegg til barnebidrag frå foreldre med born i fosterheim. Desse inntektene er om lag som budsjettert. Tidlegare har også dei andre HAFS kommunane betalt inn til Askvoll sitt tiltaksbudsjett når ein har brukt kompetanse frå Askvoll si 50% tiltaksstillinga i andre HAFS kommunar. I år har ein gjort dette annleis ved at Askvoll berre har betalt sin bruk av 50% stillinga til driftsrekneskapen i HAFS interkommunale barnevernteneste der lønna har blitt utbetalt. På same måte har dei andre HAFS kommunane også betalt inn sin del. Det ser difor ut til å vere lågare inntekt enn forventa på tiltaksbudsjettet, noko som er misvisande, sidan det er balansert ved at utgiftene til stillinga er redusert motsvarande.

Når det gjeld utgifter, viser driftsrekneskapen for til HAFS interkommunale barnevernteneste ei innsparing for Askvoll på omlag kr.178 000. Innsparinga kjem hovudsakleg av eit mindreforbruk av løner på grunn av noko vakanse. I tillegg er det ei generell innsparing på fleire mindre poster. Den resterande innsparinga på utgifter kjem hovudsakleg av ei feilbudsjettering på pensjon til oppdragstakarar. Denne feilen er retta opp i budsjettet for 2014.

Charlotte Willemoes
barnevernleiar
Tlf. 94826307

HAFS interkommunale barnevernteneste

5.6 Helse og omsorg – ansvar 370-410

	Rekneskap 2013	Rev. Budsjett 2013	Rekneskap 2012
Inntekter	-18 382 339	-16 526 816	-18 113 368
Utgifter	91 289 257	86 337 990	88 039 876
Sum helse og omsorg	72 906 918	69 811 174	69 926 508

Avvik/meirforbruk : kr. 3 095 744

Nedadforståande oppsett syner meir/mindreforbruk innan dei tenestene som ligg under ansvar 370 – omsorg.

Avvik per teneste :

+	Σ	12010	Administrativ leing	793 377,27	799 243,01	5 865,74
+	Σ	23400	Aktiviserings- og servicetenester ov...	534 097,62	509 214,76	-24 882,86
+	Σ	23401	Matservering/matombering - eigen bu...	1 429 659,97	591 286,93	-838 373,05
+	Σ	23402	Tryggleiksalarmar	-13 735,69	0,00	13 735,69
+	Σ	23410	Avlasting, støttekontakt, ferietilbud	1 540 314,98	1 696 951,38	156 636,40
+	Σ	23420	Aktivitetssenter for funksjonshemma	2 465 973,71	2 676 579,00	210 605,29
+	Σ	23450	Transportteneste	0,00	0,00	0,00
+	Σ	24160	Fysioterapi	664 375,47	764 931,18	100 555,71
+	Σ	25300	Helse- og omsorgstenester i institu...	17 819 440,37	16 565 003,13	-1 254 437,24
+	Σ	25310	Betening av/hjelp i avlastningsbust...	973 511,70	864 539,00	-108 972,70
+	Σ	25400	Helse- og omsorgstenester til helme...	32 304 936,18	31 222 156,77	-1 082 779,41
+	Σ	25410	Hjelp i avlastningsbustad	3 878 012,09	3 531 534,67	-296 477,42
+	Σ	25460	Omsorgsløn	739 918,59	764 032,04	24 163,45
+	Σ	25500	Medfinansiering somatiske pasientar	3 981 348,00	3 962 000,00	-19 348,00
+	Σ	26100	Institusjonslokale	745 815,09	712 331,12	-33 483,97
+	Σ	26110	Drift og vedlikehald institusjonslo...	73 700,53	0,00	-73 700,53
+	Σ	26550	Drift og vedlikehald/kom. disp. bus...	-176 269,07	15 484,00	191 753,07
Σ				67 754 477,31	64 725 386,99	-3 029 090,33

Komentarer til avvik :

12010 Administrativ leing

Forbruk som forventet.

23400 Aktivisering / støttetjenester eldre og funksjonshemma

Meirforbruk skuldast meir bruk av sjukevikar og anna vikar som

23401 Matservering / matombering – eigen bustad

Tenesta går i balanse, betaling for tenester er ført på feil konto.

23402 Tryggleiksalarmar

Tryggleiksalarmer er sjølvfinansierende; utan utgifter for kommunen. Ein har gått litt i pluss pga litt større innbetaling enn reell kostnad.

23410 Avlasting, støttekontakt, ferietilbud

Mindreforbruk skuldast manglande sosialkonsulent i 3 månadar, pluss reduksjon i stilling delar av året. Har for øvrig hatt meir utbetaling til støttekontaktar.

23420 Aktivitetssenter for funksjonshemma

Mindreforbruk skuldast stilling som har stått ledig og mindre brukarar i periodar. Personale har og vore flytta til andre tenester i periodar.

23450 Transportteneste

Teneste som skal gå i null; dette er midlar som vi får tilført frå fylkeskommunen.

24160 Fysioterapi

Mindreforbruk skuldast at 1 fysioterapeut var i fødselspermisjon 2. halvår.

25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon

Meirforbruk skuldast overbelegg ved institusjonen, det er knytt opptil auka bruk av personalressursar og løn.

25310 Betjening av hjelp i avlastningsbustad

Meirforbruk skuldast lønsutgifter i samband med avlastning.

25400 Kjerneteneste knytta til pleie og omsorg i heimen og bufellesskap

Meirforbruk skuldast auka utgifter til ressurskrevjande brukarar og auka bruk av personale i bufellesskap og heimetenesta. Dette har og samanheng til overbelegg ved Askvollheimen.

25410 Hjelp i avlastningsbustad

Meirforbruk skuldast auka bruk av personalressursar og reisekostnadar/kurs.

25460 Omsorgsløn

Forbruk litt mindre einn forventa pga liten reduksjon av stilling.

25500 Medfinansiering av somatiske pasientar

Tenesta viser eit relativt lite meirforbruk. Ein har ikkje hatt utskrivingsklare pas. liggande på sjukehus, som vi har betalt «straffeavgift» på (2 stk registrert pga feil). Det er likevel ein klar tendens at vi forbrukar meir av spesialisttenester einn tidlegare.

26100 Institusjonslokale

Meirforbruk skuldast løn til vikarar og auka bruk av reingjeringsmateriell.

26110 Drift og vedlikehald av institusjonslokale

Meirforbruk skuldast naudsynte reparasjonar ved Askvollheimen

26550 Drift og vedlikehald av kom. disp. bustader

Meirinntekter som er feilført, skulle vore på anna teneste. Denne tenesta vart overført til Bygg og eigedom etter 1. halvår 2012.

Meirforbruk innan omsorg for 2013 har 2 hovudårsaker :

Ressurskrevjande brukarar :

